



PLANPROGRAM

Reguleringsplan for Halingshaughola

Innhald

Innleiing.....	2
Bakgrunn og føremål.....	2
Planområdet, konsekvensvurdering.....	2
Overordna rammer og føringar.....	3
Lowverk, forskrifter og retningslinjer.....	3
1. Plan- og bygningslova.....	3
2. Naturmangfaldslova.....	3
3. Vassressurslova.....	3
4. Friluftsløva.....	4
5. Jordlova.....	4
6. Kommuneplan.....	4
7. Reguleringsplanar.....	4
Aktuelle problemstillingar og tema for konsekvensutgreiinga.....	4
Planlagde tiltak i området.....	4
8. Konsekvensvurdering, metode.....	4
9. Aktuelle tema for konsekvensvurderinga:.....	4
10. Landskap.....	4
11. Kulturminne.....	5
12. Hydrologi.....	5
13. Artsmangfald.....	5
14. Geologi, landskap.....	5
15. Leplanting.....	5
16. Tilrettelegging for sjøaure / biotopforbetring.....	5
17. Landbruk.....	6
18. Vedlikehald og HMS.....	6
Tilleggsrapport.....	6
Driftsplan.....	6
Prosess og framdriftsplan.....	6
Organisering og kunnskapsgrunnlag.....	6
Medverknad.....	6
Tidsplan.....	6

Innleiing

Bakgrunn og føremål

Grunneigarar og innbyggjarar på Tangen / Breivika og andre, har brukt myrområda ved Halingshaugen til rekreasjon og friluftsliv. Om vinteren har skøytegang vore ein populær aktivitet på tilfrosne dammar. Halingshaughola er den største av desse, ein grunn dam med djupne ned mot 0,5 meter. I 2003 vart det godkjent ein plan, «Utbygging av Halingshaughola», for tilrettelegging av området for skøytebane/friluftstiltak. Teknisk styre i Aukra kommune godkjente planen den 16.12.2003 (2016/542-5). På godkjenningstidspunktet var det ikkje noko planverk som regulerte arealbruken i området (verken kommuneplan eller reguleringsplan). Ulike stats- og fylkesetatar hadde ikkje merknad til tiltaket ut frå særlovene som dei då brukte som vurderingsgrunnlag. Tjernet vart opparbeidd (2004?) tilsvarende ei flate på ca 150m x 75m. Utbyggingsplanen føresette at Halingshaughola sine vener, «*ei representativ og organisert velforening ... er kjend med ansvaret som tiltakshaver*», sitat frå saksutgreiinga. I tida som har gått sidan plangodkjenning og opparbeiding har tiltak i området vorte gjennomført mykje etter munnlege avtalar, der velforeninga har stått for noko arbeid og kommunen har støtta med kulturmidlar og råd. Dei kommunale turstiane i området er dei mest nytta turstiane i kommunen, og bruken er aukande. Ansvarstilhøva mellom kommune og grunneigarar / velforening har tidvis vore til diskusjon. Partane er no samde om at det er trong for å definere klarare kva rolle Halingshaughola har som friluftstiltak og samspelet med friluftsområda som grenser til denne. Det er vidare naudsynt å avklare ansvarsdeling for vedlikehald og tryggleikstiltak. Det blir difor sett i gang eit arbeid med ein detaljplan for området (reguleringsplan).


Planområdet, konsekvensvurdering

Føremålet med planen er tilrettelegging for friluftaktivitetar. Aktivitetane er på sommartid knytt til turstiane medan ein vinterstid i tillegg kan bruke tjernet som skøyteis. Skøyteisen krev at det er tilgang på nok vatn til at is kan dannast. Området er flatt, og det er inga stor vasstilstrøyming til Halingshaughola utanom i store nedbørsperiodar. Nedslagsfeltet for tjernet kan vere ei naturleg avgrensing av planområdet. Ein vil då samstundes ta med lange strekningar av turstiane i området. Mot aust er det under arbeid ein reguleringsplan for fastlandssambandet for Gossen i regi av Kjerringsundet AS. Austleg avgrensing kan dermed tenkjast langs reguleringsgrensa for denne planen. Mot nord grensar området inn til Forsvaret sitt kommunikasjonsanlegg. På forsvaret sin eigedom er det ferdselsforbod rundt hytta med kommunikasjonsutstyr, elles er det fritt å røre seg i utmarka. Plangrensa kan i første omgang inkludere forsvaret sin eigedom, til ei eventuell tilbakemelding om noko anna. I vest er det naturleg å avslutte mot turvegen ved Kleivahaugen, og sørover langs grensa mellom dyrka jord og utmark.

Det går ikkje klart fram av Forskrift om konsekvensvurderingar (FOR-2017-06-21-854) (KU) om tiltaka som reguleringsplanen er tenkt å legge til rette for, krev konsekvensvurdering. Planen omfattar like fullt eit planområde på ca. 500 daa der størsteparten er registrert som naturtype kystmyr med verdi B (viktig).

Det blir lagt til rette for å samle vatn i Halingshaughola, om lag 10 dekar overflate med regulert vasstand 0,2 – 0,5 meter og nedslagsfelt ca. 400 daa.

Det er eit mål om tilrettelegging for flest mogleg.



Med slike tiltak ser kommunen det innleiingsvis som nyttig å lage eit planprogram, jamfør plan- og bygningslova § 4-1, 1. ledd, då planen kan tenkjast å få vesentlege verknader for miljø eller samfunn. Sjølv om det ikkje går konkret fram av forskrift for konsekvensvurdering om plantiltaka krev konsekvensvurdering, vel kommunen å gjennomføre ei slik vurdering. Nærast eit krav om konsekvensvurdering finn vi i forskrifta § 10, 1. ledd punkt a) storleiken på planområdet og d) risiko for alvorleg ulykke (drukning på grunn av oppdemt vatn). Vidare grensar tiltak i planen inn mot tema nemnd i vedlegg II, punkt 10, f) og g), bygging av innanlands vassvegar og demningar og anlegg for lagring av vatn.

Overordna rammer og føringar

Lowverk, forskrifter og retningslinjer

Plan- og bygningslova kapittel 12 set rammene for sakshandsaming og innhaldet i reguleringsplanar. Same lov, §§ 4-1 og 4-2 og «Forskrift om konsekvensutredningar», FOR-2017-06-21-854 gir nærare reglar for planprogram og konsekvensvurderingar der planlagde tiltak kan få vesentleg verknad for miljø og samfunn.

Naturmangfaldslova har relar for berekraftig bruk av natur (forvaltning, aktsemd, kunnskapsgrunnlag og føre-var-prinsippet).

Vassressurslova set rammer for forvaltning av vatn, tiltak i vassdrag og tiltak som kan påverke vassdrag og grunnvatn. «Forskrift om hvem som skal være vassdragsmyndighet etter vannressursloven» FOR-2000-12-15-1270 gir oversikt over kva organ som er ansvarleg mynde (Departement, Norges vassdrags- og energidirektorat NVE, fylkesmannen og kommunar). «Forskrift om sikkerhet ved vassdragsanlegg (damsikkerhetsforskriften)» FOR-2000-12-15-1271, er aktuell med tanke på oppdemming av vatn. Vidare er følgjande vegleiarar frå NVE aktuelle for vårt prosjekt:

«Behandling etter vannressursloven m.v. av vassdragstiltak og tiltak som kan påvirke vassdrag og grunnvann», Veileder 1/2000 og «Små dammer. Veileder for planlegging, bygging og vedlikehold», Veileder 2/2006.

Friluftsløva om rett til ferdsel i utmark.

Jordlova om arealforvaltning. I vårt prosjekt er jordlova aktuell i høve til dei dyrkbare ressursane som ligg i planområdet.

Kommuneplan

I området gjeld kommuneplanen sin arealdel 2016 – 2028. Planområdet er sett av til LNFR føremål (landbruk, natur, friluftsliv og reindrift).

Reguleringsplanar

Det er to reguleringsplanar i det aktuelle området. Mot sørvest og mot sør har vi følgjande vedtekne reguleringsplanar: Reguleringsplan for Gossen feriesteder, planID: 201408 og Reset, planID 200508.

Aktuelle problemstillingar og tema for konsekvensutgreiinga

Planlagde tiltak i området

Hovudmålet med planen er, som tidlegare nemnt, å legge til rette for friluftsføremål. Turaktivitet gjennom heile året og i tillegg skøyteis om vinteren. Det er planlagt å bygge ein gapahuk ved tjernet. Dersom rørslehemma skal kunne nytte seg av turmålet, må det leggest til rette med breiare og sterkare sti. Det bør vere mogeleg å kunne finne parkeringsplass for bil. Vi ser det kan bli fleire konflikttema knytt til planen. Etter tilbakemelding i samband med høyringa av planprogrammet blir aktuelle problemstillingar drøfta i konsekvensvurderinga.

Konsekvensvurdering, metode

Konsekvensvurderinga vil bli utarbeidd etter Statens vegvesen sin metode i handbok V712, *Konsekvensanalyser*. Tiltak i planen vil bli vurdert opp mot eit 0-alternativ som vi finn å definere som den tilstanden areala har i dag med delvis gjennomførte inngrep. Det er vanskeleg å tenke seg eit 0-alternativ som opphavelig naturleg myrterreng. Planlagde tiltak må ha som føremål å gjenopprette så mykje av naturleg tilstand som mogeleg samstundes som ein legg til rette for nye, sikre og kontrollerbare tiltak.

Analysen tek utgangspunkt i ei tovegs matrise («konsekvensvifta») sett saman av ein tredelt verdiakse: Liten, middels og stor og ein ni-delt omfangsakse som går frå svært stor positiv til svært negativ konsekvens. Analysen blir brukt på tema som ikkje kan prissetjast i kroner og øre.

Aktuelle tema for konsekvensvurderinga:

Landskap

Planområdet utgjer eit ope myrområde med lange siktlinjer. Området er relativt flatt. Einskilde bergknattar bryt opp i myrlandskapet. Høgste punktet er Halingshaugen (53 m.o.h.). Det er planta lebelte i sørvestre del av planområdet. Det går fleire tursitar gjennom området. Tjernet, Halingshaughola (29 m.o.h.), er lite synleg i det flate landskaper. Av inngrep er leplantingane og forsvaret sitt kommunikasjonsanlegg mest synlege.

Verdi / Omfang	Konsekvens		
	Liten	Middels	Stor
Stort positivt			Megget stor positiv konsekvens (++++)
Middels positivt			Stor positiv konsekvens (++++)
Lite positivt			Middels positiv konsekvens (++)
Intet omfang			Lite positiv konsekvens (+)
Lite negativt			Lite negativ konsekvens (-)
Middels negativt			Middels negativ konsekvens (- -)
Stort negativt			Stor negativ konsekvens (- - -)
			Megget stor negativ konsekvens (- - - -)

Kulturminne

Det er ikkje kjende kulturminne i området, jamfør tilgjengelege databaser. Nærare undersøkingar blir gjort i samband med konsekvensvurderinga, i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune.

Hydrologi

Meir stabil vasstand i Halingshaughola krev at vatn frå nedbørsfeltet blir samla her. Dette medfører inngrep i nedslagsfeltet og kystmyra i form av grunne veiter / kanalar. Det har tidlegare vore grøfta i området, seinast i samband med etablering av lebelte og tursti. Avløpet frå denne grøftinga vart kanalisert bort frå innløpet til Halingshaughola, leia gjennom turstien og ut i terrenget nedanfor. Her har vatnet forsumpa areal som tidlegare var relativt tørre, gbn 2/4, 2/5 og 1/12 (Edvin Magne Nybø, Arthur Søkvik, Odd Terje Lillebostad). Vest for Halingshaughola ligg eit areal som blir mykje overfløymd i sterke nedbørsperiodar, gbn 2/9 og 2/13 (Per Breivik og Inger S Westad Breivik). Turstien her ligg under vatn i slike situasjonar. Arealet er flatt inn mot Halingshaughola, men fell svakt vestover. Dersom området skal drenerast, må vatnet førast vestover mot sjøen. Gamle Breivik bedehus, seinare Trollmyra barnehage, ligg sørvest for Halingshaughola. Barnehagen er i dag nedlagt, dei gamle bygningane rivne og tomta er overtatt av ein privat interessent som skal bygge bustadhus. Tomta er utsett frå diffus tilstrøyming av vatn frå myrarealet nordover mot Halingshaughola. Dersom Halingshaughola skal fungere som eit reguleringsmagasin i tillegg til å ha vasstand nok til skøyteis, må det lagast ein enkel dam i utløpet. Bekken frå tjernet må reinskast og dels gjevast nytt løp fram mot ein liten dam ovanfor tunet på gbn 2/4 (Edvin Magne Nybø). Frå denne dammen går vatnet nordvestover mot tidlegare Trollmyra barnehage for så å gå over i Breivikelva som ender i sjøen.

Artsmangfald

Det er ikkje registrert sjeldne eller sårbare artar i området i tilgjengelege databaser. Vilt i form av rådyr og hjort kan observerast frå tid til annan.

Geologi, landskap

Landskapet er ope og kjenneteikna med varierende myrlag over morenemassar / isbreavsetningar. Lausmasselaga kan vere tjukke. Isbreavsetningane er synlege i oppreinskingsmassane som er plasserte rundt tjernet, og i utløpsbekken. Massane består av finsand og silt og må reknast som erosjonsfarlege. Det er innslag av bergknausar innimellom lausmassane. Utanom leplantingane har området innslag av einskilde furutre i myrlandskapet.

Leplanting

Leplantingane har vokse godt dei siste åra. Treslaga er ulike granartar, furu (både buskfuru / bergfuru og stadeigen furu) og med innslag av lerk. Sitkagran førekjem, men er ikkje dominerande, til skilnad frå det som elles er vanleg i leplantingane. Leplantingane er i hogstklasse H3, mellom 10 – 20 meter høge. Dei gjev godt ly for vind inn mot Halingshaughola. Leplantingane tek opp mykje vatn og verker drenerande på myra.

Tilrettelegging for sjøaure / biotopforbetring

I samband med synfaring den 30.11.18 vart det opplyst frå grunneigarar at dei som gutar fiska / fanga sjøaure i bekkane opp mot Halingshaughola. Det er no lenge sidan det er observert aure i vassdraget. Dersom Halingshaughola kan få meir stabil vassføring, og dermed også Breivikelva, kan det hende at sjøauren kan kome til å gå opp i elva / bekken på nytt. Biotopkultivering kan bli tatt inn som ein interessant sideeffekt av tiltaket.

Landbruk

Området er ikkje i bruk i dag. For 50 – 60 år sidan vart områda nytta til utmarksbeite, i nokon grad. Det er store dyrkingsreserver i området, med myrlag over mineraljord, (AR 5 data). Framtidig oppdyrking vil krevje bortleiing av vatn (kanalar og detaljgrøfting). Nye kanalsystem kan få verknad for Halingshaughola i form av tap av vatn og /eller tilføring av meir næringsrikt vatn.

Vedlikehald og HMS

Planlagd vasstand i Halingshaughola er frå 20 – 50 cm. Dette vil raskt føre til tilgroing med konsekvens for skøyteiskvaliteten. Det må lagast planar for uttak av plantemateriale. Vassdjupet er lite, men det må like fullt gjerast ei ROS-analyse som klarlegg risikoar og ansvarstilhøve.

Tilleggsrapport

Driftsplan

Som del av planarbeidet vil det bli laga ein driftsplan som beskriv periodisk vedlikehald og kven som har ansvar for dette.

Prosess og framdriftsplan

Organisering og kunnskapsgrunnlag

Planprosessen blir styrt og gjennomført av kommunen. Eigen kompetanse og konsultasjon med fagetatar med aktuelle ansvarsfelt vil utgjere kunnskapsbasen for planarbeidet. I tillegg blir det lagt vekt på lokal kunnskap om området (grunneigarane) og tilgjengelege databaser.

Medverknad

Grunneigarane, lokale interesseorganisasjonar, kommunen sin kulturetat og barnerepresentanten vil vere samarbeidspartnarar i planprosjektet. Før utarbeidinga av dette planprogrammet vart det gjennomført ei synfaring saman med representantar for grunneigarane. Etter melding om oppstart vil det bli kalla inn til møte med samarbeidspartane, nemnd ovanfor, for gjennomgang av oppstartmeldingane og vidare arbeid. Seinare i planprosessen når skisser for plankart, planomtale og føresegner er laga, blir det kalla inn til eit samordningsmøte / lokalt planforum, med samarbeidspartnarane og fagetatane i kommunen, for gjennomgang av plandokumenta. Deretter kan planen leggast fram politisk for offentleg høyring.

Tidsplan

Melding om planstart og høyring av planprogrammet blir gjennomført tidleg i januar 2019. Utarbeiding av plandokumenta skal vere ferdig i løpet av 1. halvår 2019. Ferdig reguleringsplan reknar kommunen skal vere klar til eigengodkjenning mot slutten av 2019.